

ULVIK
HERAD



ØKONOMIPLAN 2020-2023 og ÅRSBUDSJETT 2020

INNHOLD

1. Heradsstyreveadtaket

1.1. Innlegg frå rådmann

2. Innleiing

2.1 Kommuneplan 2009-2020

2.2 Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

2.3 Omstilling og utvikling

2.4 Interkommunalt samarbeid

3. Økonomiplan 2018-2021 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

4.1 Inntekter i planperioden

4.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

4.3 Lån, renter og avdrag i planperioden

4.4 Investeringar i planperioden

4.5 Disponible fond

4.6 Næringsfondet

4. Tenesteproduksjonen

3.1 Politisk styring

3.2 Administrasjon, kultur og samfunnsutvikling

3.3 Barnehagen

3.4 Undervisning

3.5 Helse- og omsorg

3.6 NAV

3.7 Teknisk drift og anlegg

S. Vedlegg

5.1 Årsbudsjett 2020, drift. Bevilgningsoversikt

5.2 Årsbudsjett 2020, investering. Budsjettkjema 2

5.3 Detaljert driftsbudsjett, budsjettkjema 1b

5.4 Betalingssatsar 2020

1. Heradsstyrevedtaket

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, rådmannsnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av hovudoversikt og vedlagde talbudsjett.
3. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2020 vert godkjent med ei totalramme på kr 30 189 000 og eit lånepoptak på inntil kr 27 683 555
4. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
5. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd, bokstav c.
6. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 12.12. 2012 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2019, jfr. eigedomsskattelova § 10.
8. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.
9. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. jan. 2020. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp.

For avgifter – vaten og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk.

Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 2,5%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1. 2020.

Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 10%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2020.

Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidspllass i barnehage.

Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.

Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 2,5%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.

Betalingsatsar for byggjesak og matrikulering er sett opp med 20%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2020.

10. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS med NOK 1.147 mill. i 2020.
11. Løyvingar til vedtekne prosjekt som ikkje er fullførde ved årsskiftet kan overførast til neste års investeringsbudsjett utan ny handsaming i heradstyret.

Etter framlegg frå valnemnda vert godtgjersle til ordførar for 2020 fastsett til kr 740998 og til varaordførar kr 76800

1.1. Ulvik – Eit lite samfunn i ei stor verd i konstant endring

2020 er året då kommune-Noreg endrast. Det er slettest ikkje første gongen det skjer, men for oss som jobbar i og tener heradet sine innbyggjarar, så er det den største endringa i vår tid. Fleire kommunar rundt oss slår seg saman, samarbeidskonstellasjonar som har virka i mange år, kanskje 10-år vert borte og skal erstattast av nye samarbeid. Det er innført ny kommunelov, som endrar på ein del av føresetnadane me kjenner frå tidlegare år, fleire oppgåver vert overført frå stat til kommune og arbeidskvardagen vert, om mogeleg endå meir uforutsigbar og variert, for dei fleste. Nærleik til tenestene for innbyggjarane, kvalitet på arbeidet me gjer og tenestene me leverer, samt rett prioritering er viktigare enn nokon gong.

Trass Fylkesmannen i Hordaland (no Vestland) sin påstand om at Ulvik «kunne takke seg sjølv» og at me slettest ikkje er ufrivillig liten, så fekk me konstatert gjennom Stortingets Spørjetime og Monica Mæland at «jau, Ulvik har gjort reformjobben og er ikkje skuld i at det enda som det gjorde. Ulvik er ufrivillig liten». Om det betyr noko for Ulvik, anna enn ein klapp på skuldera, det skal vere usagt.

Ulvik skal framleis vera ein sjølvstendig kommune, men me råkast likevel av kommunesaman-slåingane rundt oss, heilt direkte. Granvin går saman med Voss og me opplever å mista ein nabo og ein samarbeidspart. Samstundes får me att ein større og sterkare nabo i Voss. Ullensvang, Jondal og Odda går saman om å bygge ein ny kommune. Også nye Ullensvang vert ein større og sterkare kommune. Kvam står att aleine, Eidfjord det same – og Ulvik. Samarbeidet mellom Kvam, Eidfjord og Ulvik er i utvikling og vil verta viktigare framover. Saman vert me sterkare og står betre skodd til å møte dei oppgåver me skal levere og det ansvaret me har. Ulvik herad og Eidfjord kommune har vedteke ein politisk intensjonsavtale om samarbeid og det er no opp til administrasjonen å sjå til at slikt samarbeid kjem på plass, på område der det er naturleg. Dette er noko administrasjonen i heradet er positiv til og ser fram imot. Me har trua på at dette vil gjere oss betre i stand til å løyse oppgåvene våre på ein best mogeleg måte, at me vert betre rusta til å skape trygge og gode bu- og oppvekstvilkår for både unge, vaksne og eldre. Leiardiane i Ulvik herad er «Stolte, Profesjonelle, Opne og Rause». Stolte av jobbane våre og heradet me jobbar i, profesjonelle i arbeidet me gjer og i relasjonane me byggjer, opne og ærlege om prosessar og arbeidet me gjer og rause overfor både kollegaer, innbyggjarar og naboar.

Våren 2019 fekk me ny økonomisjef. Det vart tøffe tak for dei som var att på økonomiaavdelinga vår å halde hjula i gang, både i påvente av at ny økonomisjef skulle komme på plass og i den tida det har teke før han byrja å komme på plass i jobben. Det at leiatar og fagpersonar kjem og går, det er ein van med «på golvet» og det visast att. Ting går seg raskt til, men ikkje av seg sjølv. Heradet skal vere takksame for sine medarbeidarar. Dei er stolte, flinke, strevsame og pliktoppfyllande. Og stort sett så trivst me alle på jobb. Dei fleste i administrasjonen er òg busett i Ulvik herad og er innbyggjarar, tenestemottakarar, naboar, foreldre, politikarar, pårørande, osb.

Det er godt å bu i Ulvik – og slik ynskjer me at det framleis skal vera. Heradet som tenesteleverandør har alltid vore raus og serviceinnstilt. Vår viktigaste jobb er å levere kvalitativt brukaropplevde gode tenester til innbyggjarane våre og det er ei felles oppgåve for både politikarar og administrasjon. Politikarane skal gjere vedtak dei meinar gagnar innbyggjarane best, både no og inn i framtida og administrasjonen skal sjå til at slike vedtak vert sett ut i live på ein trygg, god og føremålsteneleg måte.

Me avsluttar året 2019 med nokre nyvalde politikarar – nye innbyggjarar som engasjerer seg for lokalsamfunnet sitt og skal ta del i å stake ut kurser for kva lei me ynskjer å gå i år me skriv 2020, 2021, 2022 og vidare framover. Det å planleggja er ein viktig del av den demokratiske prosessen, å fortelja lokalsamfunnet og sjølvsagt òg administrasjonen kva ein vil, kva som skal prioriterast, kva tenester me skal ha i Ulvik og korleis areala våre skal nyttast, på best mogeleg vis. Kommuneplanen skal reviderast og dette arbeidet startar opp allereie i 2020. Likeeins skal heradet sin planstrategi vedtakast og området Holmen skal det og takast stilling til framtidig bruk av. Dette viktige planarbeidet er både interessant og naudsynt og me vonar at arbeidet òg vil skape engasjement.

Me legg opp til å ta ned drifta for å møta dei økonomiske utfordringar som fyl med større låneopptak og medfylgjande auka rentekostnader, samt usikre rammevilkår og nedgang i skatteinntekter. Me har som mål å oppretthalda eit best mogeleg tenestetilbod til innbyggjarane, men sjølvsagt med prioritet for dei oppgåver og tenester som me er lovpålagt å ha. Midt i dette vil me og ha fokus på å utvikle oss, måta digitaliseringenskravet som me står midt oppe i, få på plass smarte løysingar der me kan og samstundes legg oss på eit nivå som er naturleg for ein kommune med drygt 1000 innbyggjarar.

Arbeidet med budsjett for 2020 og økonomiplan for perioden 2021-2023 har vore særleg utfordrande i 2019, særleg fordi det er endringar i økonomireglementet i kommunelova, som skal implementerast i ein gamal modell. Vi har innsett i prosessen at vi må utarbeida ein heilt ny mal og dette vil verta prioritert i 2020. Samstundes vil kvaliteten på både budsjett og rapportering verta betre som fylgje av endringane, noko vi ser fram til å leggja fram døme på allereie i 2020. Me har fått vedteke ny Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik herad og i 2020 skal denne setjast ut i live, med fleire konkrete tiltak. Tiltak som skal hjelpe oss å utvikle oss i rett retning, gjere dei rette prioriteringane og setje i verk dei rette tiltaka for å sikre at me vert attraktive for både å bu og arbeida, flytte til, vekse opp, kome heim att til, bli gamal i – rett og slett synleggjera kvifor det er godt å bu, og å bli buande i Ulvik.

Med helsing
Thore Hopperstad
-rådmann-

2. Innleiing

2.1. Kommuneplan 2009-2020

Kommuneplanen er heradet sin overordna plan for kommunen si utvikling. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen gjeld i ein 12 årsperiode. Ulvik herad vedtok samfunnsdelen i 2010, og arealdelen i 2016. Ut frå endra føresetnader i planperioden 2020-2023 bør samfunnsdelen takast opp til ny vurdering.

2.2. Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

Handlingsprogrammet er handlingsdelen av kommuneplanen, og har eit 4-års perspektiv. Økonomiplanen kan vera ein del av handlingsprogrammet, og skal visa kommunen sine utgifter og inntekter i planperioden. Årsbudsjettet er første året i økonomiplanen, og er juridisk bindande for kommunen.

Kommunestyret skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett som er i balanse. Handlingsprogrammet/økonomiplanen skal oppdaterast kvart år.

2.3. Omstilling og utvikling

Heradet står overfor ei større omstilling. I 2018 byrja prosessen med å utgreia sparetiltak og oppretta ei eiga sparekatalog og for planperioden 2020-2023 vil dei vedtekne tiltaka få verknad. Heradet er til for å yta best mogelege tenester for innbyggjarane i Ulvik, og for å få dette til er det naudsynt å få ned dei framtidige driftskostnadane og sikra innbyggjarane gode tenester også i framtida. Sparetiltaka omfattar både forbruk og stillingar og det er viktig å forankra omstillinga i organisasjonen og spela på lag med alle tilsette og deira organisasjonar. Om me lukkast med dette vil det gje organisasjonen eit løft og føre til ei positiv utvikling.

2.4. Interkommunalt samarbeid

I stortingsbudsjettet for 2020 vert fleire oppgåver tildelt heradet enn før. For å løysa dette er det viktig at heradet ikkje står åleine.

Heradet har, saman med Eidfjord, eit godt samarbeid om IKT med Kvam, og samarbeidet har skapt regional interesse for resultata me har oppnådd. Me har samarbeid med Voss herad om brann, legevakt og PPT og har i 2019 hatt eit samarbeid med Eidfjord om sal av jordbruksstenester. Me har samarbeid på tvers av Hardangarregionen om revisjon gjennom Vestland Revisjon IKS og om renovasjon gjennom Indre Hordaland Renovasjon IKS. I dei komande år, særleg grunna samanslåing i nabokommunane våre, vil me aktivt vurdera korleis eksisterande avtalar kan betrast, og sjå oss om etter andre tenester det er fornuftig å samarbeide om i regionen.

3. Økonomiplan 2019-2022 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

3.1 Inntekter i planperioden

Tabell 3	2019 BUD	2020	2021	2022	2023
Konsesjons/ erstatningskraft	-7 052 543	-8 555 892	-7 835 233	-7 835 233	-7 835 233
Skatt på inntekt og formue	-35 695 000	-35 420 000	-35 415 000	-35 279 000	-35 172 000
Eigedomskatt	-7 500 000	-8 792 857	-8 792 857	-8 792 857	-8 792 857
Statlig rammetilskudd	-53 794 000	-57 585 000	-57 780 000	-57 862 000	-57 542 000
Komp invest. Kostnader	-410 000	-410 000	-410 000	-410 000	-410 000
Renter/ utbytte og lån					
- renteutgifter	2 297 948	3 628 662	3 107 983	3 070 709	2 967 126
- avdrag på lån	5 531 097	5 982 159	7 006 161	7 645 937	8 229 333
- avsetning til fond					
- innt. Varområde	-2 353 000	-2 394 513	-2 394 513	-2 394 513	-2 394 513
- renteinntekter	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
- utbytte	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000
- avdrag på lån	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Interne finanstrans.					
- avsetning til fond					
- overføring til inv. Rekneskapen	2 368 138	1 899 152	1 815 960	1 383 458	316 645
- lønnsreguleringsfond	1 200 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
Inntekt introduksjonsordninga	-2 244 400	-716 000	0	0	0
Kostnad tilpasning bustad		68 000	68 000	68 000	68 000
SUM	-99 148 760	-102 393 289	-100 726 499	-100 502 499	-100 662 499
	2019	2020 BUD	2021	2022	2023
Drift	99 148 760	102 393 289	100 726 499	100 502 499	100 662 499
Basis inntekter/ utg i perioden	-99 148 760	-102 393 289	-100 726 499	-100 502 499	-100 662 499
SUM	0	0	0	0	0

Statsbudsjettet legg rammene for storleiken i skatteinntekter og rammetilskot i åra som kjem. Det er rekna med ein nominell skattereduksjon for kommunane frå 2019 til 2020 med 1,8%. Ulvik herad sine skatteinntekter består av 2 komponentar, naturressursskatt og personinntektsskatt. Naturressursskatt er ein flat skatt som vert rekna ut etter gjennomsnittet av produserte KWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er derfor påverka av andre forhold. Nominell personsinntektsskatt vert regulert i takt med inntektsutviklinga i landet. Det er også påverka av kva skatteøre som vert lagt til kommunane, i 2020 er det kommunale skatteøret på 11,55%. Veksten i skatteinntektene for heradet må reknast å verta noko mindre enn landet elles som følgje av at naturressursskatten er ein flat skatt, skatteinntektene for 2020 er budsjettert med kr 35 420 000.

Rammetilskotet til heradet er påverka av 2 ting, både småkommunetilskotet og

inntektsutjamninga. Ulvik herad er ein liten kommune med færre innbyggjarar enn 3200 og har eit skattenivå under 120% av landsgjennomsnittet. Dette er kriterier som gjer at heradet får småkommunetilskotet på kr 5 875 000. På den andre sida så skal inntektsutjamninga utjamne skilnadane mellom kommunane sine skatteinntekter. Ulvik herad vert trekt for 60% i rammetilskotet av skatteinntektene som er høgare enn gjennomsnittet i landet. Rammetilskotet for 2019 er budsjettet til kr 57 585 000.

Ulvik heradstyre har bestemt at det skal skrivast ut eigedomskatt etter § 3c i eigedomsskattelova: berre på kraftverk, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særreglane for petroleum, i motsetning til personinntektsskatten og naturressursskatten så har den ingen påverknad på rammeoverføringane. Her ser me utviklinga for eigedomsskatten sidan 2014.

2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
10300000	10529487	9180888	7623449	6928180	7518774	8 792 857

I henhold til formuesverdet på kraftanlegga, frå sentralskattekontoret for storbedrifter, auker eigedomskatten på kraftanlegga med vel 800 000, medan tidlegare verk og bruk fasast ut over dei kommande seks åra. Dei stipulerte inntektene for 2020 er på 8 792 857 kroner og videreførast ut planperioden.

Ulvik herad har både konsesjonskraft og erstatningskraft å selja. For 2020 hadde heradet 5 gWh erstatningskraft og 27,4 gWh konsesjonskraft for sal. Heradet selde krafta si i byrjinga av november for 39,47 øre, noko som gjev ein nettovinst på kr 8 555 892 gjeva at konsesjonskostnaden til staten held seg på same nivå.

I resten av planperioden er det lagt opp til ei videreføring av eit mellomnivå på vel 7,8 millionar då det rår usikkerheit rundt dette frå år til år, men kraftprisane ser ut til å liggja høgt i overskodeleg framtid.

Heradet eig 15,3% av Hardanger energi. Forventa utbytte i heile planperioden er i tråd med den vedtekte utbyttemodellen.

Brukabetaling er motyting for kommunale tenester og vert inntektsført over einingane sine driftsbudsjett. Det utgjer 8 % av dei totale inntektene til heradet. Brukarbetalinga er i budsjettframlegget justert opp, det er einingane sjølve som har kome med forslag på den prosentvise auken. Nokon einingar har auka prisen fordi det er naudsyn for å få budsjettet til å gå i hop, andre har auka prisen fordi satsane i utgangspunktet er låge. Då er det sjølv sagt teke etterhald for tenester som ikkje kan justerast, eller tenester der betalingssatsane vert fastsett i samsvar med eige sjølvkostrekneskap. Betalingssatsane for vass- og kloakkavgifter vert fastsett i sjølvkostrekneskapet og renovasjonsavgiftene vert fastsett av styret i Indre Hordaland miljøverk.

Prosentvis fordeling av driftsinntektene.




3.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

Tabell 2	Bud 2019	2 020	2 021	2 022	2 023
Rådmann/ stab					
Lønnsutgifter	11 659 260	11 755 921	11 427 921	11 339 921	11 363 921
Driftsutgifter	12 226 884	13 687 794	13 403 294	13 267 294	13 403 294
Inntekter	-7 493 990	-7 737 620	-7 737 620	-7 737 620	-7 737 620
Netto	16 392 155	17 706 096	17 093 596	16 869 596	17 029 596
Barnehage					
Lønnsutgifter	10 770 659	11 853 132	11 853 132	11 853 132	11 853 132
Driftsutgifter	817 689	785 725	776 725	776 725	776 725
Inntekter	-1 759 443	-1 869 426	-1 869 426	-1 869 426	-1 869 426
Netto	9 828 905	10 769 432	10 760 432	10 760 432	10 760 432
Undervisning					
Lønnsutgifter	19 046 952	19 530 778	18 964 948	18 964 948	18 964 948
Driftsutgifter	3 316 522	2 695 559	2 692 099	2 692 099	2 692 099
Inntekter	-3 639 342	-2 220 943	-2 220 943	-2 220 943	-2 220 943
Netto	18 724 132	20 005 394	19 436 104	19 436 104	19 436 104
Helse og omsorg					
Lønnsutgifter	31 637 466	32 270 923	32 270 923	32 270 923	32 270 923
Driftsutgifter	9 968 617	10 233 250	9 603 250	9 603 250	9 603 250
Inntekter	-5 311 637	-6 807 530	-6 653 530	-6 653 530	-6 653 530
Netto	36 294 446	35 696 642	35 220 642	35 220 642	35 220 642
NAV					
Lønnsutgifter	2 051 346	1 322 546	1 322 546	1 322 546	1 322 546
Driftsutgifter	2 087 755	2 378 138	2 378 138	2 378 138	2 378 138
Inntekter	-223 940	-21 949	-21 949	-21 949	-21 949
Netto	3 915 161	3 678 735	3 678 735	3 678 735	3 678 735
Teknisk avdeling					
282					
Lønnsutgifter	2 210 501	2 096 732	2 096 732	2 096 732	2 096 732
Driftsutgifter	3 966 238	3 975 577	3 975 577	3 975 577	3 975 577
Inntekter	-6 176 739	-6 072 309	-6 072 309	-6 072 309	-6 072 309
	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
280,281,283					
Lønnsutgifter	11 920 220	11 563 358	11 563 358	11 563 358	11 563 358
Driftsutgifter	6 989 386	8 409 121	8 409 121	8 409 121	8 409 121
Inntekter	-4 915 646	-5 435 490	-5 435 490	-5 435 490	-5 435 490
Netto	13 993 960	14 536 990	14 536 990	14 536 990	14 536 990
Sum	99 148 759	102 393 289	100 726 499	100 502 499	100 662 499

Rammene til einingane byggjer på budsjettet for 2019 der lønskostnadane er kompensert med ein lønsauke på 1,54%. Endringane i ramma til einingane kjem etter at lønsjusteringa er gjort.

Fordelinga mellom einingane ser slik ut:



3.3 Sparetiltak

I den økonomiske planperioden vil det verta gjort fleire tiltak for å sikre så god og effektiv drift som mogeleg. Oppsummert fordelast dei som fylgjer

	2020	2021	2022	2023
200 Rådmann	0	0	0	0
210 Stab	-366 500	-529 000	-689 000	-529 000
220 Barnehage	-243 500	-243 500	-243 500	-243 500
230 Undervisning	-715 700	-1 280 000	-1 280 000	-1 280 000
240 Helse	-2 660 858	-3 290 858	-3 290 858	-3 290 858
270 NAV	-380 369	-380 369	-380 369	-380 369
280-283 Teknisk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
282 VAR	0	0	0	0
	-4 566 927	-5 923 727	-6 083 727	-5 923 727

3.4 Lån, renter og avdrag i planperioden

I framlegg til budsjett for 2020 legg me opp til at heradet skal ta opp lån på kr 28 624 848

I planperioden er det framlegg om å låne:

- Kr 11 883 040 for 2021
- Kr 4 972 542 for 2022
- Kr 5 561 355 for 2023

Avdrag og renter:

For berekning av renteutgiftene har ein nytta kommunalbanken sine stipulerte budsjettrenter. Vidare så ligg nedbetalingstida på låna for det meste på 20 år, men for lån til omsorgstunet så har ein nytta nedbetalingstid på 30 år. Det er kommunelova § 50 som sett vilkår både for nedbetalingstid og berekning av avdrag. Lova seier : «*Gjenstående løpetid for kommunens eller fylkeskommunens samlede gjeldsbyrde kan ikke overstige den veide levetiden for kommunens eller fylkeskommunens anleggsmidler ved siste årsskifte*». Dette betyr i praksis at avdraga til heradet ikkje kan vera mindre enn avskrivningane. For rekneskapsåret 2018 balanserte dette.

Lån	Tabell 4	årleg avdrag	re.gj 31/12-19	re.gj 31/12-20	re.gj 31/12-21	re.gj 31/12-22	re.gj 31/12-23
20080355	6 500 000	325 000					
20090166	7 692 450	384 623					
20090765	4 202 000	210 100					
20100969	2 500 000	125 000					
Refinansiering							
20120647	15 735 040	983 440	12 784 720	11 801 280	10 817 840	9 834 400	8 850 960
Nytt lån 2013	0	0	0	0	0	0	0
Nytt lån 2014	0	0	0	0	0	0	0
20150485	42 691 470	2 134 574	34 153 176	32 018 603	29 884 029	27 749 456	25 614 882
20160593	1 991 338	99 567	1 692 637	1 593 070	1 493 504	1 393 937	1 294 370
nytt lån va-prosjekt lån 2017 eige sak	11 850 000	592 500	10 666 000	10 072 500	9 480 000	8 887 500	8 295 000
Nytt lån 2017	9 654 516	482 726	8 689 064	8 206 339	7 723 613	7 240 887	6 758 161
Nytt lån 2018	37 148 715	1 238 291	35 910 425	34 672 134	33 433 844	32 195 553	30 957 263
Nytt lån 2019	13 031 862	434 395	13 031 862	12 597 467	12 163 071	11 728 676	11 294 280
lån 2019 mellombels finansiering	36 330 000	0	36 330 000				
Nytt lån 2020	28 624 848	954 162		28 624 848	27 670 686	26 716 525	25 762 363
Nytt lån 2021	11 883 040	594 152			11 883 040	11 288 888	10 694 736
Nytt lån 2022	4 972 542	248 627				4 972 542	4 723 915
Nytt lån 2023	5 561 355	278 068					5 561 355
SUM		153 256 884	139 586 240	144 549 626	142 008 363	139 807 285	
			2019	2020	2021	2022	2023
Avdrag			5 531 097	5 982 159	7 006 161	7 645 937	8 229 333
Renter			2 297 948	3 628 662	3 107 983	3 070 709	2 967 126
SUM			7 829 045	9 610 821	10 114 144	10 716 646	11 196 459

3.5 Investeringar i planperioden

Tabell 5	2019	2020	2021	2022	2023
IKT	795 000	2 275 000	2 700 000	400 000	350 000
IKT skule	250 000	730 000	300 000	300 000	300 000
IKT Helse og omsorg	300 000	0	0	0	0
Ny Brannmur	350 000				
Meirope bibliotek			350 000		
IT-struktur ny sjukeheim	0				
Inventar barnehagen	200 000	300 000	200 000	200 000	200 000
Utreiing skule		250 000			
Inventar skule		400 000	400 000	300 000	300 000
Læremiddel skule		350 000	350 000	150 000	150 000
Uteområde skule		400 000	300 000	300 000	300 000
Bilar PLOMS	360 000	50 000			
Opprusting toalett kyrkja	400 000				
Kommunale bygg	1 000 000	4 669 000	2 049 000	3 306 000	2 078 000
Kommunale vegar	500 000	2 500 000	2 500 000	700 000	1 500 000
Innbet til husbanklån	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Investeringar avløp ihht plan	2 700 000	3 000 000	2 600 000	500 000	500 000
Investeringar vatn ihht plan	2 400 000	3 100 000	1 950 000	200 000	200 000
Ulvik Sjukeheim ny/ rehabillitering	12 500 000	12 500 000			
Mellombels finansiering tilskot sjukeheim	36 330 000				
Sum	51 830 000	30 624 000	13 799 000	6 456 000	5 978 000
Finansiering	51 830 000	30 624 000	13 799 000	6 456 000	5 978 000
Overføring drift	2 368 138	1 899 152	1 815 960	1 383 458	316 645
Bruk av fond					
Avdrag lån	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
LÅN	49 361 862	28 624 848	11 883 040	4 972 542	5 561 355

I framlegg til budsjett for 2020 er det lagt inn investeringar i IKT, inventar barnehagen, inventar og læremiddel til skulen, uteområde på skulen, opprusting kommunale bygg og kommunale vegar og ferdigstelling av omsorgstunet. I tillegg er det lagt opp til investeringar i vatn og avlaup etter vedteken plan.

I planperioden er det framlegg om investeringar

på: Kr 13 799 000 for 2021

Kr 6 456 000 for 2022

Kr 5 978 000 for 2023

3.6 Disponible fond

	Konto (T)	Beløp
25300100	Investeringsfond	385328
25300110	Ubunde inv. fond avbøtande tiltak	923616
25791000	Dispositionsfond	7464849
	Disponible midlar	8 773 793

Ulvik herad har disponible midlar på fond på kr 8773 793 pr oktober 2019.Då er det teke omsyn til allereie vedtekne løyvingar.

3.7 Næringsfondet

Budsjettert bruk av næringsfond 2020

Teneste	Tekst	2020	2019
3250	Tilrettelegging næring		
	Samfunnsutviklar 100 %	730 000	442 100
<u>16/334</u>	Hardangerviddatunnelene	25 000	25 000
<u>16/267</u>	Kunsnarhusvære i Berlin	15 000	5 000
	Honorar AONGrieg	100 000	90 000
<u>15/355</u>	Tilskot Reisemål Hardangerfjord AS	423 000	390 000
<u>09/30-5</u>	(LVK) Landssamansl. av Vasskraftkommunar	150 000	130 000
<u>15/421-50</u>	Fjordvegen Rute 13	35 000	35 000
<u>11/281-1</u>	Utmarskomm sammenslutning	45 000	33 000
19/375	Ulvik Næringslag	950 000	972 000
<u>17/198</u>	Hardangerrådet	215 000	208 970
<u>Retningsl.</u>	SNP/Tilskot	600 000	600 000
<u>19/178</u>	Nynorsk kultursentrums - Haugesenter	1 130 000	1 100 000
<u>13/74</u>	Poesifestival (sjå avtale §4.7 og 8.1)	578 000	551 100
	Cittaslow	100 000	200 000
	Diverse driftsutgifter	212 775	176 576
	Sentrumsplanting	0	30 000
<u>19/248</u>	Hardingpuls - Årleg tilskot	15 000	15 000
<u>12/44</u>	Medlemskontingent Forum nye Bergensbanen	38 877	38 120
<u>19/388</u>	HardangerSUS - Årleg tilskot	25 000	25 000
<u>19/382</u>	Cruise destinasjon hardangerfjord	40 000	120 000
	Folkehelse/Stirydding/Skilting av turløyper	50 000	50 000
<u>17/758</u>	Handelslagsprosjektet	0	40 000
<u>15/421-22</u>	Rettslokale på Lofthus	14 000	13 450
<u>?</u>	Turistbåt rute	50 000	
	Reiselivsstrategi for Ulvik jfr.SNU	300 000	
	Rekrutteringsmesse/digital profil Ulvik herad jfr.SNU	100 000	
	SUM 3250	5 941 652	5 290 316

1202	Rådmann nyttar 20% av si tid til næringsutvikling fram til ny bygde og næringsutviklar er tilsett.	0	264 600
3253	Tilrettelegging jordbruk Norsk Landbruksrådgjøving	50 000	50 000
	Løn med mer næring	374 000	205 000
		424 000	255 000
3255	Tilrettelegging skogbruk Løn/drift næringsadm	374 000	253 000
3256	Veterinærteneste Kjøp av tenester privat jnr.15/425-17 (140.833)	200 000	230 000
3333	Osafjellsvegen	41 200	40 000
3852	"Frie" kulturmiddlar	103 000	100 000
3601	Vilt/utmarksnæring Løn/administrasjon	108 000	108 000
3750	Museum Hardanger og Voss Museum	12 000	12 000
3850	Kulturadm. Lønn kulturkonsulent	434 000	424 000
3650	Kulturminneforvaltning Tilskot kulturvern	50 000	60 000
SUM		7 687 852	7 136 916

Konto	Konto(T)	Framlegg 2020	Budsjett 2019
3250	Tilrettelegging næringsliv		
10100	Fast lønn	547 000	304 000
10900	Pensjonspremie KLP	110 900	82 000
10909	Ulukkes- / Gruppelivsforsikring	2 100	2 100
10990	Arbeidsgjevaravgift	70 000	54 000
11152	Komm. servering	14 420	14 000
11208	Diverse materiell	2 210	2 146
11301	Telefontjenster	5 580	5 417
11401	Lysing/reklame/info	47 370	45 990
11402	Representasjon	100 000	200 000
11500	Opplæring / kurs	16 000	15 534
11600	KM-godtgjersle	10 632	10 322
11951	Kontingentar, lisensar, gebyr	368 877	326 120
12000	Inventar og utstyr	5 580	5 417
12301	Vedlikehald anlegg	30 900	30 000
12700	Konsulenttenester	26 008	25 250
12701	Juridisk rådgjevning	54 075	52 500
14700	Tilskot til næringsutv.	4 315 000	3 906 550
14701	Tilskot interkom. inst.	215 000	208 970
19501	Bruk av næringsfondet	5 941 652	5 290 316

4. Tenesteproduksjonen

4.1. Politisk styring

Heradsstyret og formannskapet er dei sentrale styringsorgana i Ulvik herad. I tillegg er det eit eige partsamansett utval (administrasjonsutvalet). Ut over dette er det ei rad utval som i varetek ulike politiske ansvarsområde som t.d.

Viltnemnd og Fjellstyre. Heradsstyret er vedtaksorgan for budsjett og økonomiplan, etter tilråding frå formannskapet.

Heradsstyre og formannskapet 2019-2023

Heradsstyret frå 16.10.2019

Venstre (3): Reidar Meel, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.

Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Annlaug Brandstveit, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.

Senterpartiet (6): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Kåre Olai Solheim, Marit Aarekol og Jon O. Heggseth.

Høgre (2): Stig Røkenes og Kari Sandøy-Jarman.

Sosialistisk Venstreparti (2): Gunnbjørg Øyre og

Usama Ismael.

Formannskapet frå 16.10.2019

Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Reidar Meel (V) og Eva Kristin Dahl (SP)

Politiske føringer.

Arbeidet med ein økonomiplan må vera tufta på politiske føringer. Heradsstyret og tillitsvalde fekk presentert status for året og kjende utfordringar for komande år i eit økonomiplanseminar som vart halde i kongressalen på Brakanes den 24. september 2019.

Det nye omsorgstunet står klart frå og med november og vil gjeva nye og betre tilbod til brukarane av den gamle sjukeheimen. Drifta av heradet vil no måtte tilpassast slik at også tenestene til innbyggjarane forøvrig held så god kvalitet som råd. Det å leggje til rette for gode oppvekstvilkår,

gode helse og omsorgstenester og næringsutvikling som igjen skapar aktivitet og arbeidsplassar vert også vekta tungt inn i dei politiske føringane.

4.2. Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling

1 Verksemda

Verksemda 210 og 200 femner om desse tenestene: Rådmann, politisk verksemd, styring og kontroll, felles administrasjon, felles personalarbeid, HMT, økonomi, bibliotek, IKT, kultur, næring og tilskot til kyrkja og andre trudomssamfunn.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Stab og politisk omfamar politikk, kontroll, stab og fellesfunksjonar innan IKT, kultur, næring og personalarbeid. Det er 13 personar tilsett i stab (inkl. rådmann) fordelt på 11,28 årsverk. Det er høg motivasjon og god fagkunnskap blant dei tilsette.

Staben er til liks med resten av Ulvik herad inne i ein omstillingsperiode der me har fokus på god tenesteyting og rasjonalisering av drifta. Me har peika på fleire områder der me vil vurdera innhald i dagens drift og vurdera om ein kan endra noko.

Innafor administrasjon:

- Gå gjennom lisensar og abonnement, vurdera nytteverdi
- Gå gjennom gjeldande avtaler og vurdera reforhandling
- Digitalisering for å gjera teneste betre og meir rasjonelle
- Korleis ivareta / overföra arbeid og kunnskap innafor lokalhistorisk arkiv etter 2021?
- Utgreiing av framtidig kinotilbod
- Utgreiing av meir-ope-bibliotek

Bibliotekavtalen med Granvin er avslutta og det vart tilsatt eigen bibliotekssjef i 50 % stilling i 2019. Avtale med Granvin og Eidfjord kommune om felles skulefagleg rådgjevar blir vidareført etter kommunesamslåing Voss og Granvin herad.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Dei siste åra har staben gjennomført fylgjande reduksjonar:

- Kultursjef 100 %
- økonomimedarbeidar 20 %
- Arkivar 5 %
- Avvikla Frivilligsentralen
- Det vart redusert 10 % stilling på bibliotek i 2019
- I tillegg ligg det i åra 2018 – 2020 årleg reduksjon i tilskot til kyrkja på kr. 50 000
- Flyktningkonsulent vert avvikla f.o.m. 01.01.20

Alle tiltaka er i tråd med sparekatalogen.

Det er lagt inn fylgjande reduksjon på anna innan drift:

- Skatteinnkrevjing, skal gå frå kommune til Stat, innsparing på kr 117 000 i 2019, 235 000 i påfylgjande år

Det er lagt inn auke på fylgjande:

- Lønskostnad for Hovudtillitsvald i 30 % stilling er flytta frå Helse og Omsorg til stab /ansvar i 2019 utan busjettkompensasjon
- Lagt inn ytterlegare auke på 10 % for HTV i åra 2020 og 2021. Desse åra er definert som omstillingsperiode i Ulvik herad
- Lønskostnad for IKT-ansvarleg er 100 % på stab, tidlegare låg det 80 % på stab og 20 % på skule, dette er gjort utan budsjettkompensasjon
- Lagt inn kjøp av GDPR-teneste frå Kvam i 10 % stilling, kr. 120 000, frå 2019
- Auka kontigentar og lisensar med 112 000 kr frå 2019 til 2020. Det er nye programvare innan avvik, ROS og fagteneste.
- Budsjettet til kontrollutvalget er auka frå 2019 til 2020 med kr. 200 000, basert på innsendt budsjettforslag
- Det er lagt inn auke i kurs- og reiseutgifter for administrativ og politisk leiing, inklusive politikaropplæring og økonomiseminar, auka med kr. 195 000

I tillegg er 20 % av rådmannsløna henta inn att i drifta, denne var finansiert av næringsfondet i 2019.

Bruk av næringsfondet:

Bruken av næringsfondet er om lag på same nivå som i 2019, med tillegg av nokre nye tiltak. Tilskota er justert for konsumprisindeksen. Midlar til Cittaslow er redusert frå kr. 200 000 til kr. 100 000 i 2020.

Det er satt ned ein politisk komite som skal greie ut samfunnsutviklarfunksjonen og organisering av denne framover, samt vurdera retningslinene for Næringsfondet. Administrasjonen set av same lønsmidlar som tidlegare då me treng nokon som gjennomfører tiltak og som kan fylgja opp nærings- og utviklingsarbeidet. Ein vil vidareføra Cittaslowarbeidet og starta opp desse tiltaka i 2020: Tilflytting: Folketalet har vorte gradvis redusert siste år og me må jobba for å snu dette. Det vil bli satt fokus på vertskapsrolle, oppdaterte bustadoversikt og rekrutteringsmesse. Ein har sakna ein overordna strategi for reiselivet i Ulvik i mange år, og det er uttrykt eit ynskje om å starta dette arbeidet snarast råd, ein vil prioritera dette i 2020, og legg opp til finansiering av kr. 300 000 via næringsfondet (Jmf Snu-plan). Prosjektleiinga for Reiselivsstrategien vil bli lagt ut på anbod.

Investering, lagt inn fylgjande i økonomiplanperioden:

Investeringar IKT - adm.

Ar	2020	2021	2022	2023	Merknader
Nye trådlause sendarar sentrumsbygget/bib/Elvatun	50 000				Mulig delfinansiert EU-Midlar
HA på brannmur	350 000				ROS
Nytt virtuelt miljø	450 000				2 servere + diskhylle, lisenser for 5 år
Acos Websak digitalt arkiv	440 000				Sjekk e-post frå Alis, Overgang til elektronisk arkiv, Redesigna nettsider
Acos Eiendom		400 000			Modul til byggsak, scanning av arkiv ++. (Mulig lov pålagt?)
Ny Backup		150 000			40 000 - 50 000 ekstra på drift
Kjølemaskin loft Haugesenteret	50 000				
Telefonsentral /sentralbord/Mobilbedriftsnett	50 000	50 000			
IT-investering Kvam	170 000	170 000	200 000	200 000	Fast sum basert på avtale.
Fast investeringar	130 000	130 000	150 000	150 000	Samla sum er 300 000. (170° av dette går til Kvam, sjå over)
Heradsstyresalen	200 000	1 500 000			Utgreiling av digitalt oppsett/lysing, ny IKT-struktur i 2021 (usikkert tal)
Meir ope bibliotek		300 000			
Auka HMT-fond: Utstyr til dataarbeidsplassar: Stolar, bord, m.m.	150 000				
TOTALT	2 040 000	2 700 000	350 000	350 000	

Det er lagt inn oppgradering av IKT-utstyr med utgangspunkt i reelle behov: HA på brannmur, nytt virtuelt miljø, ny backup, kjøling på loft, Acos eistedom, IT-investering Kvam og fast årleg IT-investering.

I tillegg er det lagt inn nokre investeringar som skal gje kost- og rasjonaliseringsgevinst: Innføring av digitalt arkiv, overgang frå telefonssentral til mobilt bedriftsnett.

Heradsstyresalen har lenge hatt eit dårleg oppsett innan IT: Nettverk, kabling, prosjektor, ingen tilgang til streaming, etc. Ein ynskjer å bruka 2020 til å laga ei prosjektskisse på dette og gjera investeringa i nytt oppsett og utstyr i 2021.

4 Målsetjingar og strategiar

Målet er å oppretthalda god og rasjonell tenesteproduksjon, samt ha fokus på digitalisering. Alle tilsette i stab har fokus på å yta best mogleg teneste til innbyggjarane i Ulvik herad innafor den økonomiske rammene ein har til rådvelde.

Det er gjennomført ei oppgradering av det digitale utstyret i møteromma og dette har bidratt til ei auka deltaking på fagkurs, konferanser og møter og har som mål å redusera reiseutgiftene framover. Ulvik gjennomførte ei oppgradering av både sakshandsamingsprogram og rekneskapsprogram i 2019. Det er fokus på å ha relevante minikurs innan sakshandsaming fleire gongar gjennom året. I 2020 skal ein gå frå papirarkiv til digitalt arkiv i Ulvik herad, dette er lagt inn som eige prosjekt i investeringsplanen.

Helse, miljø og tryggleik: Det vil bli innført nytt avvikssystem for heile heradet i løpet av 2020, det blir fortsatt fokus på dataarbeidsplasskartlegging. Kartlegginga starta i 2019 og ein ser allereie at HMT-fondet må styrkjast for å syta for at dei tilsette har nødvendig utstyr for å førebyggja sjukefråvær. Det er lagt inn kr. 150 000 på investeringsfondet i 2020 til dette. Det er oppretta eigne arbeidsmiljøgrupper i alle einingar i heradet. I desse gruppene sit einingsleiar, verneombod og plasstillitsvalde.

ROS: Ulvik herad hadde i 2018 tilsyn på beredskap og fekk 3 avvik på dette. Det har vore stort fokus på dette i 2019 og ein vil fortsatt jobba mykje med dette temaet i 2020, og det vil ha høg prioritet i heile organisasjonen. Stabsbudsjettet for 2020 er styrka med 150 000 innan drift for å ha beredskapssamlingar,

konsulenthjelp og innkjøp av utstyr. I tillegg har skule og barnehage lagt inn eigne postar i budsjettet til dette.

Personal: Lønspolitisk plan er under revidering, og ein har som mål å ha ny plan på plass innan 01.09.2020. Ein tek sikte på å sluttføra digitalisering av alle personalmapper i Ulvik herad i løpet av 2020. Det er fokus på trivselstiltak for dei tilsette og ein har som mål å arrangera sommarfest for alle tilsette, samt gje ei julehelsing til alle tilsette. Det er mål om å ha 2 stk lærlingar i Ulvik herad i 2020: Ein lærling i Helse og omsorg, og ein lærling i barnehagen. Dette er innarbeidd i dei respektive budsjetta.

Kultur: Det var i 2019 utarbeidd eigen Kulturarvstrategi, denne vil vera eit viktig dokument for Ulvik og kan vera eit grunnlag for å søkja tilskot for både heradet og private aktørar. Det er mykje aktivitet innan kulturfeltet i Ulvik og det er både dyktige offentlege aktørar og dyktige private aktørar. I 2020 skal me utgreia kinodrifta i Ulvik herad og vurdera korleis me kan gjera innsparinger eller auka inntekter. Det vil bli fremja eigen politisk sak til hst på dette.

Anna: Sentrumsbygget er resertifisert som Miljøfyrtårn, og ein må vurdera tidlegare plan for sertifisering av andre kommunale bygg. Dette vil koma opp som eigen sak til politikarane. Det skal innførast eit program som har oversikt over politiske vedtak og oppfølging av desse. Det politiske rekneskapet skal leggjast fram for politikarane ilag med tertialrapportane.

Omstillingsprosessen er starta i Ulvik herad og det er viktig med god kommunikasjon i denne prosessen. Det er forslag på å auka hovudtillitsvaldstillinga med 10 % i ei tidsavgrensa periode. Verneombod, tillitsvalde, tilsette og politikarar vert oppmoda om å vera gode bidragsytarar i denne prosessen.

Ulvik herad har pågående samarbeid med nabokommunar for å sikra god og påkrevd tenesteproduksjon. Det vil vera stort fokus på dette framover òg.

4.3. Barnehage

1 Verksemda

Per januar har Ulvik barnehage 58 barn, 19 barn under 3 år og 39 barn over 3 år. Dette året er barna fordelt på 4 avdelingar. Avdeling Gråtass er frå august 2019 tilleggsareale. Frå februar stig barnetalet til 24 barn under 3 år og 40 barn over 3 år. Då er avdelinane nytta opp mot det arealnorm tillet. Frå august går barnetalet tilbake. Då har 10 barn gått over i skulen, og små barnekull i både 2018, (9 barn) og 2019, (10 barn) gjer at det vert ferre barn som startar frå august 2020. Nøyaktig kor mange som startar, vil me få vita etter opptak i mai. For å kunna rekna ut bemanning er det sett opp eit tal ut frå forventa søker.

Ulvik barnehage				"Plass til":		aug.19 Teoretisk sett:				feb.20 Teoretisk sett:				aug.20 Teoretisk sett:				aug 2019: folkeregister		
		areal		u. 3 år	o. 3 år	under 3 år	over 3 år	Plass-behov	"Rest"	under 3 år	over 3 år	Plass-behov	"Rest"	under 3 år	over 3 år	Plass-behov	"Rest"	2019	10	
Tommeliten		69		13	17	8	3	54,64	20,3 %	12		63,96	6,7 %	8	6	66,64	2,8 %	2019	10	
Veslefrikk		63		12	16	11		58,63	6,9 %	12		63,96	-1,5 %	6	6	55,98	11,1 %	2018	9	
Askeladen		82		15	21		19	76	7,8 %	2		20	80	2,9 %		18	72	12,6 %	2017	15
Tyrhans		82		15	21		17	68	17,3 %	2		20	80	2,7 %		18	72	12,5 %	2016	15
Gratass		72		14	18			0	100 %				0	100,0 %			0	100,0 %	2015	16
		368		69	92	19	39	257,3	30,1 %	24	40	287,9	21,8 %	14	48	266,6	27,6 %	2014	10	

aug.19		Teoretisk sett:				PPT	feb.20		Teoretisk sett:				aug.20		Teoretisk sett:				
under 3 år	over 3 år	Plass-behov	"Rest"	under 3 år	over 3 år		Plass-behov	"Rest"	under 3 år	over 3 år	Plass-behov	"Rest"	under 3 år	over 3 år	Plass-behov	"Rest"	under 3 år	over 3 år	
8	3	54,64	20,3 %			12		63,96	6,7 %	8	6	66,64	2,8 %						
11		58,63	6,9 %			12		63,96	-1,5 %	6	6	55,98	11,1 %						
	19	76	7,8 %	2		20		80	2,9 %		18	72	12,6 %						
	17	68	17,3 %	2		20		80	2,7 %		18	72	12,5 %						
		0	100 %					0	100,0 %			0	100,0 %						
19	39	257,3	30,1 %			24	40	287,9	21,8 %	14	48	266,6	27,6 %						

Bemanning er rekna ut frå tal barn. Per januar 12,8 årsverk i grunnbemanning på avdelingane. Frå 01. februar går me opp til 14,7 årsverk grunnbemanning på avdelingane. Frå august skal me tilbake til om lag 12,7 årsverk.

Styrarressursen er på 1 årsverk.

Me har støtteressurs på til saman 1,4 årsverk og 0,12 årsverk spesialpedagog.

Denne ressursen kan variera i løpet av året avhengig av behov.

Lønsbudsjetet er tilpassa endringane i personalressurs.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Ulvik barnehage er ei eining i stadig endring. Me lyt tenkja organisering og tilpassing til kvart barnehageår, og undervegs i året. Slik det ser ut framover, vil me få lågare barnetal, i alle høve nokre år. Me treng eit bygg som er fleksibel og me treng avdelingar som kan brukast fleksibelt i høve små og større barn. Det må leggjast til rette for at avdelingane kan samarbeida meir effektivt i høve arbeid med barna.

Ulvik herad har gått til innkjøp av modulen, det er løyvt pengar til oppgradering og noko ombygging i barnehagen. Arbeidsgruppa som vart sett ned for å koma med gode framlegg er klar til vidare arbeid. Arbeidet har stoppa opp denne hausten i påvente av vidare samarbeid med teknisk avdeling. Me satsar på at dette arbeidet vert vidareført i 2020.

På uteområdet treng me å få på plass godkjendt fallunderlag under husker og leikeapparat og å få skifta gjerde mot parkeringsplassen.

Barnehagen treng å bli styrka i høve digitalisering, alt frå betre nett - tilgang til utstyr, programvare og å heva personalet sin kompetanse.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Budsjettramma til barnehagen er auka. Dette skuldast fleire tilhøve. Me har berekna årsverk ut frå norm for bemanning. Barnehagen har ei personalgruppe med høg utdanning og dei fleste har lang ansiennitet. I fleire år har det synt seg at barnehagen har berekna for lite lønsbudsjett. For 2020 bør alle utgifter vera tekne med. Me prøver å redusera vikarbruk og avdelingar samarbeider der dei kan, men er nokon borte, må dei ofte erstattast av vikar.

Det er sett opp kostnader i høve drift av Visma Flyt barnehage. Det skal hjelpe oss med

digitalt barnehageopptak, barnearkiv, dokumentasjon av planar, fakturering, registrering av barn i barnehage og kommunikasjon med foreldre. Med det ynskjer me å bruka verktøy som andre kommunar i regionen også nyttar seg av.

Barnehagen får auka kostnader i høve lisensar på grunn av at utgifter vert sett på den eininga der dei vert nytta.

Barnehagen har satt av midler til kommunikasjon internt i barnehagen og ut mot foreldra. Me har sett opp auke i kursposten. Sidan kompetansemidlane frå Fylkesmannen er kanalisiert til utviklingsprosjekt i enkeltbarnehager, får vår barnehage mindre kursemidlar enn før. Barnehagen vil delta i nettverktøyet som vert tilbydd i høve barns læringsmiljø i barnehagen. Her er det eigendel ved påmelding. I samband med forventa lovendring og aktivitetsplikt i høve tiltak mot mobbeåtferd og krenkande handlingar i barnehagen, ynskjer personalet kompetanseheving på området. Oppstart i 2020.

Barnehagen forventar auke i utgifter i høve kjøp frå andre kommunar. Det gjeld både utgifter som vert fordelt frå HardangerVoss kompetanseregion og truleg auka utgifter i høve nye PPT/barnevern avtalar.

På inntektssida har me ikkje auka posten for foreldrebetaling. Makspris vil auka til kr 3135 for heil plass. Barnetalet hos oss vil truleg gå litt ned, og ordningar med redusert foreldrebetaling og syskenmoderasjon vil koma som tap av inntekter.

4 Målsetjingar og strategiar

Barnehagen legg opp til ein tenesteproduksjon og drift som er i tråd med regelverk og normer. Budsjettet som er sett opp for 2020, tek høgde for det. I tillegg er det behov for tiltak som kan gi barnehagen eit løft i høve digitalisering. På nokre postar er det auke i 2020, medan på andre postar vil det bli driftsutgifter som varer ved, som t.d. EDB lisensar.

Me ynskjer ein barnehage som lever opp til målsetjingar i Rammeplan for barnehagen, har fokus på godt pedagogisk arbeid og som leverer gode tenester til barn/foreldre.

Me satsar på at me skal få oppgradert og omorganisert avdelingane våre slik at me kan møta verierande behov i åra som kjem.

4.4. Undervisning

1 1 Verksemda

Kap 230 Undervisning femner om:

- Grunnskuleopplæring, Skuleskyss, PPT/spesialundervisning, Skulefritidstilbod (SFO) og Kulturskule.
- Vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne minoritetsspråklege med rett og plikt til opplæring. Gjeld også retten vaksne – inkludert minoritetsspråklege – har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.
- Verksemda skal levera tenester som sikrar at born, unge og vaksne sine rettar til god og likeverdig opplæring vert ivaretaken, og at lover og føresegner vert haldne.
- Det godt utbygde kulturskuletilbodet har ei lovfesta minimumsramme; dvs. at alle kommunar skal ha kulturskuletilbod. Lova definerer ikkje i kva omfang tilbodet skal gjevast.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

No-situasjonen:

- Skulen har 125 elevar. Me har 16,85 pedagogiske årsverk, i tillegg kjem rektor og ass rektor med 1,6 årsverk. Me har sekretær i 37,5 % stilling, konsulent for skule og SFO i 80 % stilling, og fagarbeidrarar/assistentar i til saman 4,5 årsverk. Kulturskulen har 2,2 årsverk.
- Skulen har frå 2015 arbeidd med samanslårte klassar i enkelte fag. Skuleåret 2018-2019 var skulen 8-delt. Skuleåret 2019-2020 har starta 9-delt.
- Skulen har mange elevar med enkeltvedtak innan spesialpedagogikk. Ressursbruken er tatt ned siste året.
- Eit godt læringsmiljø er hovudsatsingsområdet i 3 semester framover. Heile lærarstaben er i gang med eit digitalt kursopplegg i regi av Høgskulen i Innlandet. Det er laga ein eigen utviklingsplan for dette arbeidet. Målet er å vidareutvikla kollegiet sin kompetanse rundt eit godt læringsmiljø, med fråvær av mobbing og krenkingar. Dei ulike aktivitetspliktene i nye §9a vil vera gjenstand for refleksjon rundt eigen praksis. Opplegget er forskingsbasert, og vil vera ein viktig lekk i skulen sitt arbeid mot å verta ein lærande organisasjon.
- Undervisningseininga har i dag mange dyktige tilsette, med god kompetanse.
- Nesten alle Ulvik-elevane gjennomfører vidaregåande skule på normert tid, 3 år.
- Undervegsverderinga i høve til resultat på nasjonale prøver, elevundersøkingar/foreldreundersøkingar og kartleggingsprøver syner varierande resultat.
- Kulturskulen har eit godt og variert tilbod. 75 elevar tar ut 105 elevplassar.
- SFO har teke imot alle som har søkt plass i rett tid. Til saman har 39 elevar plass i SFO.
- Frå skuleåret 2019-2020 har me avslutta norskopplæring for elevar med anna morsmål.

Utfordringar er m.a. knytt til:

- at skulen har ein stor del elevar med behov for til dels omfattande spesialundervisning.
- at skulen har mange minoritetsspråklege, eller med minoritetsspråkleg familiebakgrunn (24%). Desse har ofte meir behov for støtte, tilpassing, tilrettelegging og hjelp enn elevar med norsk bakgrunn.
- at det er slutt på statlege overføringer til arbeid med flyktningar (ei 75 % stilling har tidlegare vore finansiert av flyktningefondet)
- at skulen har hatt relativt stor personalutskifting
- at elevtalet i årskulla varierer mykje, noko som gjer at klasseamanslåing kan verta ei organisatorisk utfordring
- digital infrastruktur på skulen
- manglende personalressurs innan IKT
- manglende plan for vedlikehald av klasserom og fellesareal
- manglende plan for utvendig vedlikehald
- manglende plan for - og ressursar til - utskifting av gamalt og utslite inventar
- lite fleksible romløysingar. Det bør gjerast bygningsmessige endringar, slik at me får minst eitt stort klasserom til.
- mangelfull garderobeløysing på SFO, og manglende garderobeløysing samt lydisolering i administrasjonen
- manglende godkjenning etter Lov om miljøretta helsevern
- behov for opprusting av uteområdet på skulen

Mogelegheiter er m.a. knytt til:

- at skulen arbeider for å skapa ein praktisk, variert og tilpassa skule ved hjelp av metodiske og didaktiske prioriteringar, m.a. valfaget ALF (arbeidslivsfag) og satsing på entreprenørskap for ungdomstrinnet
- at skulen har omorganisert skuledagen og innført fysisk aktivitet for alle elevane, kvar dag (heilt i tråd med fagfornyinga)
- vidareføring av aktiv TL-undervisning
- (ut)nytta gode fasilitetar som fleir brukshall og rehabiliteret symjehall.
- vidareføra uteskule for 1.-7. kl.
- digitale verkty som kan skapa meir variert, tilpassa og motiverande opplæring.
- å innføra lokal matkultur i tråd med Citta-slow satsinga.
- at skulen har innført valfaget Internasjonalisering
- utveksling av lærarar og elevar i tråd med venskapsby-avtale med Greve in Chianti

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Nærare omtale av rammeendringane spesifisert i B i tabelloppstillinga.

I økonomiplanen vart det lagt inn innsparing på ei stilling i 2020. Denne innsparinga vart effektuert frå hausten 2019.

Skulen har fått ekstraløyving pga. tap av inntekter frå anna kommune, og for å hindra ein 7-delt skule. Brakanes skule har i dag ressursar til å vera 9-delt ut budsjettåret. Heradsstyret sa i vedtaket sitt (HST 032/19) at denne saka skulle opp att i budsjettprosessen. Kostnad for 2020 blir **NOK 2 019 000**.

Saka om behov for bygningsmessig utgreiing (HST 031/19) for å drifta skulen i samsvar med vedtekne økonomiske råmer, vart gjort vedtak om å ta opp att i budsjettprosessen. Prosjekteringskostnader vart stipulert til NOK 150 000, medan tilboda frå eksterne aktørar låg på rundt **NOK 250 000**.

IKT-medarbeidar i 30 % stilling er heilt naudsynt for å driva ein skule i tråd med nye fagplanar og krav om digital kompetanse. Skulen har tidlegare hatt 20 % IKT-medarbeidar. I 2017 vart lønsmidlande flytta til 210, men skulen skulle framleis få denne tenesta. I praksis har det ikkje vorte slik, pga at det har vore for travelt på IKT-fronten i heradet. Kostnad **NOK 215 000**.

Skulen har fokus på beredsskapsarbeid i 2019 og 2020 og ser det som naudsynt å investera i beredsskapsmaterial og utstyr. Stipulert kostnad: **NOK 100 000**

Driftsbudsjettet har vore utsett for ostehøvelen over tid, og vil ikkje tola meir reduksjon. Budsjettposten til mat låg tidlegare på 210 000. Frå 2018 har denne vore skore ned til 60 000. Eit særdeles urealistisk beløp å halda seg innanfor, når 3 klassar skal ha mat og helse, sporadiske skulemåltid, samt dagleg fruktmåltid til alle. Det daglege fruktmåltidet kostar 50 000 i året. Denne posten bør difor aukast til **NOK 160 000**.

Skulen har søkt og fått tildelt NOK 200 000 i Dekomp-midlar. Dette er kompetanse midlar som skal brukast i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Kravet for å få midlane er at me stiller med 30 % eigenandel. Dvs **NOK 60 000** (lagt i budsjettet på konto 11500 Opplæring/kurs).

Vikarposten på 200 000 er ein post som er sett urealistisk låg. I 2017 vart det brukt 600 000 og i 2018 vart det brukt 400 000. Eg vil tilrå at ein budsjetterer med **NOK 400 000** – alternativt at ein tilset ein vikar i 50% stilling.

SPARETILTAK FRÅ RÅDMANN:

I budsjettet er det lagt inn føresetnad om at tiltaket om 9-delt skule avviklast hausten 2020. Dette er lagt inn med innsparing lik 404 000 i 2020 og 970 000 i resten av planperioden. Det er ikkje utført risikoanalyse for konsekvensane av ei slik omleggjing, og stipulert innsparing dekkjar kun meirkostnadane knytt til løn for å auka opp til 9-deling. Ved ynskje om fortsatt 9-deling må budsjettet aukast tilsvarende.

Vidare er det lagt inn føresetnad om reduksjon i lønsmassen på 311 000 frå og med 2020. Av dette gjeld 100 000 tiltak for tilsette som vonast kan aukast til 311 000 frå og med 2021, og bortfall av tiltenkt 30% IKT-stilling fram til innsparing kan dekkja inn kostnaden. Om det er ynskjeleg å styrka skulen sin IKT-satsing med denne stillinga må kostnaden leggjast inn att i budsjettet.

TIL ØKONOMIPLANEN:

Frå hausten 2020 kjem det nye læreplanar i alle fag. Skulen vil i den samanheng måtta byta ut læreverka sine. Det er viktig at det vert sette av midlar til dette. **NOK 200 000** i 2 år framover vil vera ei beskjeden satsing.

Det er nødvendig å oppgradera inventaret i klasseromma og fellesareala på skulen. Til dette treng eininga ei årleg løyving på **NOK 300 000** investeringsbudsjettet fram til oppgraderinga er sluttført.

Uteområdet er ikkje eininga sitt ansvar, men eg ynskjer å synleggjera ressursbehovet. Det har vore arbeidd med plan for uteområdet, i prosess med dei tilsette, elevar og foreldre, samt kultur – og idrettsavdelinga på fylket. Første trinn i denne planen er å skifta ut ballbingen. Spelemidlar vert løyvd så snart me har fullfinansiering på tiltaket. Me vil halda fram med å søkja om midlar frå eksterne aktørar, t.d. Sparebankstiftinga og SpV, men det er ein føresetnad at me også har eigne midlar til rådvelde. For å få på plass ballbingen i 2020 treng me **NOK 400 000**

IKT er eit viktig satsingsområde, både nasjonalt – i dei nye læreplanane, men og lokalt. Det er smart-tavler på alle klasserom. Dei eldste tavlene er 8 år gamle, og treng difor skiftast. Dette vert det ikkje rom for innanfor summen på 200 000 som er sett av årleg. Denne summen har vore den same over fleire år, medan både elevtal og PC-park har auka. Den faste summen går med til utskifting av PC-ar for elevar og tilsette, samt ladeskåp og infrastruktur.

	2020	2021	2022	2023
Inventar	300 000	300 000	200 000	200 000
IKT	730 000	300 000	300 000	300 000
Uteområdet	400 000 (ballbingen)	300 000	300 000	300 000
Nye læremiddel i tråd med nye fagplanar frå 2020	200 000	200 000		

- Ballbingen står høgt på prioriteringslista!

4 Målsetjingar og strategiar

Målsetjingane for eininga er m.a.:

- Elevane i Ulvik herad skal ha sluttresultat/grunnskulepoeng som ligg på det nasjonale snittet, eller over
- Elevar frå Ulvik herad skal ha med seg kunnskapar, motivasjon og haldning til læringsarbeid som gjer at dei gjennomfører vidaregåande skule på 3 år
- På nasjonale prøver i 5.-8.-9.klasse skal flest mogeleg av elevane i Ulvik skåra på lik linje med det nasjonale snittet, eller over
- I elevundersøkinga skal omfanget av elevar som varslar mobbing reduserast ned mot null
- I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik melda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemming, forståeleg og støttande vurdering for læring
- Alle tilsette skal ha godkjent og relevant utdanning
- SFO skal gje eit tilpassa og variert tilbod
- Kulturskulen skal gje eit allsidig tilbod

Strategiar for å nå måla: (Dette gjeld både skule, SFO og kulturskule)

- Me må arbeida for å få til eit godt læringsmiljø, med stort læringstrykk og høg trivsel
- Me må vidareføra prinsippet om tidleg innsats og tilpassa opplæring for alle
- Me må arbeida for å få til elevdemokrati og elevmedverknad
- Me må arbeida for å få til eit forskingsbasert utviklingsarbeid i personalgruppa, med mål om å verta ein lærande organisasjon
- Me må nytta det lokale spelrommet som læreplanen gjev høve til
- Me må ha eit etter- og vidareutdanningstilbod som sikrar fagleg kvalitet
- Me må ha eit breiare samarbeid med dei føresette for å skapa betre grunnlag for trivsel, motivasjon og læringsarbeid
- Me må utvikla samarbeidet med grannekommunane

3.5. Helse og omsorg

1 Verksemda

Eininga har ansvaret for Helse og omsorgstenester i heradet. Tenestene som har egne driftsbudsjett er kommunhelsetenesta, legevakt inkludert ØH-senger, psykiatri og rus, fysioterapiteneste, skjenkekонтroll, krisesenter, barnevernteneste inkludert tiltak, annen bustad/ institusjon, aktivitetstilbod barn og unge, Personleg brukar assistent (BPA), fritidskontaktteneste, Ulvik omsorgstun, heimesjukepleie, heimehjelp, institusjonskjøkken, dagaktivitetsenter, dagavdeling for personer med demens og ergoterapi.

Eininga er ansvarlig for inntaksnemd for vurdering av institusjonsopphald, bustadgruppa, tverrfaglig gruppe, koordinerande eining, saker etter serverings- og alkohollova, folkehelse, heradet sin representant i styret Bustadstiftinga, deltaking Samarbeidsråd Voss lokalsjukehus. Dette er tenester som ikkje er reflektert i budsjettet.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

No- situasjon

Status for økonomi pr. 1. november 2019 er underforbruk på 100 000 kr. Underskotet er redusert med 600 000 kr samanlikna med 01.11.2018.

Me hadde som målsetting for 2019 å kutte overtidsbruk.

Eininga har ikkje nytta seg av vikarbyrå ved ferieavvikling og sjukdom i Ulvik Sjukeheim. Dagavdeling for demente har hatt redusert tilbod i ferier og ved høgt sjukefråvær. Overtidsbruk har ikkje gått så mykje ned som ynskjeleg. Det skuldast blant anna ei auke i bruk av egne tilsette framfor vikarar frå vikarbyrå.

Me har hatt fokus på turnusarbeid, og frå desember 2019 er turnusen betre planlagt slik at ein ikkje nyttar unødvendig mange vikarar ved ferieavvikling. Dette har vore eit omfattande arbeid.

Utgift til ansette kommunale fysioterapauter har tilført oss ein auka kostnad, dette blir korrigert i budsjettet 2020.

Me har fått tilskot til ulike prosjekt som rehabilitering, friskliv, folkehelse og kompetansehevingstiltak. Tilskot gjer det mogeleg å bruke ressursar på utvikling av tenester.

Me har benytta oss av eigen prosjektmedarbeiter i samband med med Ulvik omsorgstun, vi har ved hennes fravær i det daglege omstilt resurssane i avdelinga. Dette har vore eit omfattande arbeid, og me gler oss til å komma inn i nytt lokale i løpet av desember 2019.

Utfordringar:

Reduksjon i bruk av vikarbyrå gjev ein høgare belastning på personalet.

Ulvik må truleg samarbeide med andre kommunar og for å ivareta lovpålagte tenester. Det kan gjelde det det psykologteneste som er lovpålagt frå 2020. Dette gjeld kjøp av jordmorteneste 2019, ved auke av utgifter blir dette korrigert i budsjettet 2020.

Det er krav om at kommunen skal innføre velferdsteknologi og ha oppdaterte IKT løysingar. Dette er ei utgift som vil auke i framtida. Ulvik er ein liten kommune, og har heller ingen samarbeidsavtale med store kommunar om innkjøp av slike system. Dette gjer at Ulvik må betale mykje meir, samanlikna med dei kommunar som har etablert felles prosjekt for til dømes velferdsteknologi.

Eininga har hatt store utfordringar med IKT- systema som blant anna er ustabile. Tilsette treng også å få auke kompetansen for å kunne nytta systema effektivt.

Det vil bli fleire eldre i Ulvik om nokre år, og det blir generelt eit høgare krav til rehabilitering i heimen. Dette krev også ein større fleksibilitet i bruk av fysioterapitenester.

Innføring av pakkeforløp for ulike pasientgrupper stiller høgare krav til helse og omsorgstenester. For 2019 vil dette gjelde pasientar innan psykiatri og pasientar som skal få hofteprotese. Brot på avtalar kan gje bøter til kommunen. Dette vil auke presset på kommunale tenester.

Interkommunalt samarbeid som legevakt og barnevern har et høgt utgiftsnivå, som er vanskeleg å redusera. Auken på legevakta blir justert i budsjettet for 2020. Innanfor barnevern ser vi nå på andre løysningar samman med Eidfjord og Kvam.

Bygging av nytt omsorgstun er eit stort og krevjande prosjekt. Det kan vera behov for å redusere tilbodet/ redusera oppgåver i eininga i samband med med innflytting i bygget.

Krav om psykologteneste i kommunar frå 2020 vil gje ein ekstra utgift. Ein arbeidar her med å få til eit samarbeid med Eidfjord og Kvam om ei felles løysing, og andre løysingar bør utarbeidast.

Reforma Leve heile livet, vil krevje at vi sett fokuset på å auke tjenestene i heimen, dette vil føra til at me må endre turnusen frå 2020- 2021. Det fører til at me må ha dekning av sjukepleiekompetanse heile døgnet. Noko som vil være ein auka kostnad då denna reforma krev rett personal tilstade til ein kvar tid.

Frisklivstilskotet har me nytta til lunge og kols pasientar, me har i dag 36 aktive brukarar av denna tjenesta og ønsker å tilby denna tjenesta til nabokommunane. Vi får litt tilskot på detta neste år, heradet må ta stilling i løpet av 2020 om dette er noko me ønskjer å vidareføra i 2021. Dette krev ein auka på kostnadene i 2021.

Mogelegheiter:

Eit auka samarbeid med Eidfjord kan gje nokre fordeler. Til dømes kan det gje betre avtaler ved kjøp av IKT – avtaler (VISMA og NOTUS). Samstundes vil ikkje eit slik samarbeid gje nokon fordel ved innkjøp velferdsteknologi, da me begge er altfor små. Me har i løpet av 2019, delteke i prosjekt saman om velferdsteknolog. Dette har ført til at me får ein innføring saman med andre kommunar, og noko velferdsteknologi vil me ta i bruk ved Ulvik omsorgstun og heimebaserte tjenester i løpet av 2020.

Kjøp av IPAD og berbare PC vil skape høgare effektivitet og ivareta dokumentasjonskrav. Dette er særleg viktig i heimebaserte tenester.

For å auke IKT- og systemkompetanse kan eininga nytte kurs og konsulentar for å få på plass lokale superbrukarar av blant anna turnus- system.

Eit fokus på tilskotsordningar kan tilføre eininga midlar for å sikre nødvendig utvikling innan rehabilitering og teknologi. Fleire tilskotsordnigar kan me søkja på i 2019, blant anna psykolog, veiledning lege.

Eininga har mange avtalar som ikkje har vore evaluert eller reforhandla. Dette gjeld kjøp av private tenester, husleige Bustadstiftinga, driftstilskot fysioterapi. Her kan me redusere nokre utgifter, og etablere dei riktige tenester som eininga har behov for.

Avtalen om felles LIS lege (turnuslege) med Granvin går ut i 2019. Ulvik har nytta turnuslegen inntil 60% stilling. Me ynskjer ikkje å å fortsette med LIS- lege. Dette vil gje ein redusert lønsutgift frå 2020.

Ei avtale om driftstilskot fysiotapeut er sagt opp. Samstundes vil framtida krevje ein anna form på tenesta enn det me får gjennom eit driftstilskot.

Nytt omsorgstun vil gje moderne løysingar som skal redusere den fysiske belastninga

på personalet. Det kan skape endra arbeidsprosessar som kan gje betre tenester til brukar.

Nye lokal til ungdomsklubben er endeleg ferdige og teke i bruk i 2019. Grunna auka aktivitet og opningstider, krev dette meir reinhald. Dette vil då føre til auka utgifter i 2020.

Det har vore stor aktivitet, kor vi kan nemne 16.mai arrangementet. Dette arrangementet er basert på stor grad av frivillighet, og ungdomsarbeider brukar mykje tid på dette i forkant

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Rekneskapen frå 1.11.2019 eit underforbruk på 100 000 kr. Samstundes er det ein auke på andre tenester. Til dømes vil utgifter som i realiteten er lønnsutgifter er utgiftsført som andre driftsutgifter (til dømes 2411 (Legevakt), 2440 (barnevern) og 2533 (Kjøp av tjenete annan bustad)). Desse utgiftene vil i realiteten auke tilsvarende ein lønsauke. Dette er ikkje kompensert i rammetildeling. Postane 2533 (Kjøp av tjenesta annan bustad) og 2546 (omsorgsløn) er auka opp i forhold til årets rekneskap. Innsparingar i budsjettet må prioriterast i dei kommande åra, for å gje fullt innsparing i 2022, sjå tabell.

Konkrete tiltak for innsparingar i budsjettet mot 2023

Tiltak	2020	Sparer for 2020	2021	Sparer for 2021	Teneste
Reduksjon husleige vaskeri og Brakanes stova	Endring/ oppseiing av avtaler	120 000kr			2340
Avvikling av omsorgslønn og avlasterlønn	Bruker flytter	192 443kr			2546 og 2544
Avvikling LIS- lege	Illa 2019.	149 543kr			2412
Reduksjon 60% stilling kjøkken	Skjer ifm nytt omsorgstun	258 000kr			2531
Reforhandle kjøp frå annan bustad	Børyar å sjå på evt nye tiltak og reforhandling av resterende avtale			700 000kr	2533

Eventuell avvikling kjøp av tjenesta ØH-seng	Omstillingssprosess styrker kompetansa i heradet		367 972kr	367 972kr	2412
Reduksjon av 40% stilling miljøterapaut	Skjer ifm oppeing av vaskeri	200 800kr	200 800kr		2532

Konkret auke i utgift frå 2020

Teneste	Utgift
10 % psykologteneste	Minimum 120 000 kr
100% sykepleier	632 000kr

4 Målsetjingar og strategiar

Hovudmål og delmål frå 2019 vidareførast i 2020 med nokre justeringar.

Hovudmålet:

- Helse og omsorg skal oppretthalde og vidareutvikla tenesteproduksjon slik Helse og omsorgsplanen 2013 legg opp til.
- Eininga skal sikre ein forsvarleg drift.

I periodar der det er høve for å prioritere vil tenester som ikkje har eit driftsbudsjett nedprioriterast.

1: Kutt i overtidsbruk og bruk av vikarbyrå

Tiltak:

- Avdelingsleiare får tildelt sine budsjett. Dette gjev eigarskap til budsjett og kan auke forståing for økonomistyring.
- Økonomirapportering på kvart einingsmøte for å sikre at eininga kan gjere tiltak i tide. Dette gjeld til dømes der enkeltvedtak medfører en auke i utgifter. Slike enkeltvedtak må medføre tilskot av mildar/justering av budsjett
- Endre gjennomføring av ferie for å auke bruk av eigne tilsette
- Motivere personalet til å stå i utfordrande oppgåver
- Endring i turnus skal gje redusert bruk av overtid og ei betre styring.

2. Skal skape ein robust eining

Tiltak:

- Kompetanseutvikling hos personalet for å skape rollefleksibilitet
- Nytt personalet på tvers i eininga

3. Rekruttere vikarar med rett kompetanse

Tiltak:

- Være aktive på sosiale meida for å reklamere for eininga
- Nytte gratis oppslag for å fremme eininga som arbeidsplass

4. Utvikle samarbeid med andre

Tiltak:

- Delta i allereie eksisterande nettverk og samarbeidsorgan
- Betre samarbeid med Eidfjord til dømes psykologteneste og IKT avtalar.
- Utarbeide forslag til tenesteområder som bør inngå i interkommunalt samarbeid
- Styrke frivillig arbeid

5. Bruke teknologi som kan effektivisera arbeidsprosesser

Tiltak:

- Kjøp av berbare PC og IPAD for effektiv dokumentasjon utanfor institusjon.
- Etablere arbeidsstasjoner som har PC og skjermar
- Utnytte mogelegeheter i eksisterande program og system
- Sikre kompetanse hos tilsette for å bruke systemet

6. Sikre at alle avtaler med eksterne aktørar er økonomisk forsvarleg

- Bustadstiftinga
- Kjøp av private tenester
- Evaluere kommunale fysioterapeutar
- Innføring av husleige

7. Sikre utviklingsarbeid gjennom tilskot

- Styrke rehabilitering utanfor institusjon
- Styrke fokus på brukarar og overgangen mellom dei ulike instansane
- Styrke førebyggjande arbeid i utvikling av folkehelseplan
- Styrke frisklivstilbod som ein del av førebyggjande arbeid
- Styrke fagleg kompetanse gjennom kompetansemildar

3.6 NAV

1 Verksemda

På kommunal sida i NAV Ulvik, så ligg det oppgåver mellom anna innan: økonomisk råd og rettleiing, gjeldsarbeid, økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og arbeid med flyktningar. I 2020 vil også sakshandsaming i høve sals- og skjenkesaker verta handsama der.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Utfordringa for NAV Ulvik budsjettmessig, er at det kan vera vanskeleg å veta på førehand kor mange som vil søkja om økonomisk sosialhjelp og fylla vilkår for dette. Av dei som søker kan størrelsen på den økonomiske sosialhjelpa vera veldig varierande. Det har vore ein stor auke i tal på søknadar og utbetaling av økonomisk sosialstønad dei siste åra. Dei fleste har ikkje sosialstønad som einaste inntektskjelde, men treng supplerande livsophald. I eit forsøk på å få ned kostnaden til livsophald vil ein i 2020 jobbe for å få nokre brukarar over på meir aktive ytingar. I tillegg vil ein legge opp til at minst ein brukar kan gå over på såkalla kvalifiseringstønad. Begge desse tilfella vil redusere den kommunale kostnaden til livsophald/sosialhjelp.

Det vil og verta auka fokus på å gå frå leige til eige for nokre brukarar. Også dette vil redusere sosialhjelpskostnadane.

Det at NAV Ulvik er samansett av både kommunale og statlege tenester, gir NAV Ulvik moglegheit til oversikt over alle statlege ordningar, som kan vera aktuelle for dei som mottar økonomisk sosialhjelp. Det kan vera med på å avbøta på dei kommunale utgiftene til økonomisk sosialhjelp på sikt.

Frå slutten av 2019 har sårbarheita ved kontoret vore sett på prøve etter at leiar/kommunal sakshandsamar slutta og stillinga vert ståande vakant inntil ny tilsett er på plass. Det er tilsett i stillinga, 80 %, mellombels fram til over sommaren, slik at heradet har tid til å finne ut av vegen vidare også på dette området. Det er von om at ny tilsett kan vere på plass frå nyttår.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Ulvik herad vil få færre personar som deltek i introduksjonsprogrammet i 2020 enn for 2019. Det betyr ein liten reduksjon i lønsutgifta. Elles er det budsjettekniske justeringar. Vi får dessutan reduserte lønns kostnader ved reduksjon frå 100 til 80 % for kommunalt tilsett, samt som fylgje av lågare lønnspllassering etter at leiarfunksjonen fell vekk. Vi får nærmare tilsvarande i redusert refusjon frå staten.

4 Målsetjingar og strategiar

NAV Ulvik jobbar mot å få flest mogleg økonomisk sjølvhjelpe. Mål for 2020 er

- Å få fleire ut i jobb (heilt eller delvis) med statlege tiltak der det er mogleg (t.d. lønnstilskot)
- Å nytte dei statlege økonomiske ordningane nokre brukarar har krav på, t.d. bustønad og arbeidsretta tiltak.
- Få minst ein brukar over på kvalifiserings stønad
- Hjelpe minst ein familie til å få kjøpt huset dei har leigd i fleire år, gjennom startlån/Husbanken
- Avklare vidareføring av kommunal stilling i løpet av første halvår 2020

3.7 Teknisk drift og anlegg

1 Verksemda

Forvalting og drift av kommunal eigedom og kommunale bygg
Forvalting og drift av kommunale vegar
Handsaming av bygg- og plansakar
Forvalting og drift av vass- og avløpsnett.
Jordbrukskontor
Skogbrukskontor/viltnemnd

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Gebrysatsar

Som oppfølging av tidlegare vedtak, vert det også i år lagt opp til auke i byggesaks- og plangebyr. Ulvik ligg framleis på linje med kommunar me kan samanlikne oss med når det gjeld desse gebrysatsane.

Gebyra på vatn- og avløp er styrt av kommunedelplan for avløp og vert justert i samsvar med denne.

Husleige vert indeksregulert kvart år pr. 1. mai.

Personale

Det er ikkje lagt opp til endring av stillings ressursar, med unntak av jordbruk og skogbruk. Me mista vår jordbruksrådgjevar i ei tragisk ulykke i haust og stillinga vert no løyst som ei mellombels ordning. Samstundes er rådgjevar på skogbruk i permisjon i deler av si stilling, slik at samla ressurs på jordbruk og skogbruk no er på mindre enn 1 årsverk. Denne løysinga vil halde fram i 2020 og det vert lagt opp til at fast tilsett rådgjevar på skogbruk frå hausten 2020 vil dekke både skogbruk og jordbruk.

Kommunal eigedom og bygg:

I budsjett for 2020 aukar me løvvingar til beplanting og pynting i sentrum til kr 150 000, slik at me kan heve standarden på sentrum i sommarhalvåret.

Heradet har no overteke eigarskapen for område på Holmen, frå fylkeskommunen. Det er valt ein eigen komité til å jobbe med vidare bruk av området og det vert lagt opp til å få utarbeidd ein områdeplan for området Holmen, i løpet av første halvår 2020.

På tampen av 2019 tek heradet i bruk nybygget Ulvik omsorgstun. Dette er forventa å ha minimal behov for vedlikehald dei nærmaste åra, men drifta av bygget vil ha løpende kostnader. Samstundes jobbast det med, på rådmannsnivå, å avhenda den gamle sjukeheimen. Dette håpar ein å kunne realisere i løpet av første halvår 2020.

Med nyleg vedteken vedlikehaldsplan skal me no auka aktiviteten når det gjeld vedlikehald på kommunale bygg. Me har ein ressurs med ansvar for kommunale bygg som kjem til å ha særleg fokus på løpende vedlikehald og elles vedlikehald og oppgradering som skal ha prioritet.

Eininga har framleis eit stort etterslep på vedlikehaldsida på kommunale bygg. Eininga vil difor arbeide for å avhende nokre kommunale bygg, i tråd med politiske vedtak. Det kan og verta aktuelt å selje kommunalt bustadhus til mangeårig leigetakar.

Brann

Det jobbast på slutten av 2019 med å få på plass ei ny brannordning for Ulvik, i eit samarbeid med Voss herad. Dette skjer som ein konsekvens av at ordninga me har hatt i lag med Eidfjord og Granvin vert avvikla frå 1.1.2020. Me opprettheld vårt lokale brannkorps, men kjøper brannsjef funksjon, tilsyn, førebyggjande og anna overordna brannfagleg kompetanse frå Voss herad. Endringa i brannordning er forventa å gi ein auke i kostnader med kr 70 000.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Det er ikkje lagt opp til naturleg avgang i 2020. Reduksjonen i teknisk administrasjon held fram i 2020 grunna permisjon og endring i ressursbruk på jordbruk og skogbruk.

Når det gjeld avhending av kommunal eigedom, så er dette noko det no er gjort vedtak om å utgreie. Vedtaket vart gjort i samband med vedlikehaldsplanen.

Beplantning i sentrumsområdet er no føreslått styrka til 150 000 for å mogeleggjera vidareføring av nivået frå kongevitjinga.

Vidare medførar auka drifts- og vedlikehaldsbehov at kostnadar for heradshuset er styrka med 165 000.

4 Målsetjingar og strategiar

Eininga har eit stort fokus på kostnadseffektiv drift, og har ein stabil stab med dyktige medarbeidarar.

Med stadig høgre krav til planlegging og dokumentasjon, er det viktig å ha fagleg oppdaterte medarbeidarar, noko som krev kurs og vidareutdanning av personale. I 2019 og vidare inn i 2020 har me prioritert fagleg oppdatering/kursing i høve matrikkel og dessutan innan VA.

Eininga har som målsetjing

- å levere gode tenester med kort sakshandsamingstid innanfor gitte råmer
- å redusere vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg
- å avhenda Bagnstrond skule og Lekve skule
- å selja kommunal utleigebustad
- å avhenda gamle sjukeheimen
- å slå saman skogbruk og jordbruk til samla 1 årsverk
- å utarbeide områdeplan for området Holmen